

Detaljregulering for brannstasjon på Jelsa, Suldal kommune.

Reguleringsføresegner

PlanID 201805

1. Siktemålet med planen

Planen skal legge til rette for etablering av ny brannstasjon på Jelsa. Brannstasjon med tilhøyrande tilkomst, vegareal og parkering skal vere innanfor området for anna offentleg eller privat tenesteyting, BAT. Forutan dette er arealbruken innanfor området vidareført frå dagens bruk.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

- 2.1 Om det vert gjort funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet, så må arbeidet straks stogkast og kulturminnestyresmakt må varslast for nærare gransking, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.
- 2.2 For bygningar med arbeidsplassar eller varig opphald må det kunne dokumenterast tilstrekkeleg forsyning av trygt drikkevatt.
- 2.3 Støyretningslina T-1442/2016 skal ligge til grunn for nye tiltak i området. Kommunen kan krevje dokumentasjon, og ved behov kan det bli kravd etablering av støydempande tiltak.
- 2.4 Det må vurderast behov for sikring i og over eventuelle utsprengte skjeringar.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Anna offentleg eller privat tenesteyting, BAT

- a. Innanfor området kan det førast opp brannstasjon med tilhøyrande parkering og internveggar.
- b. Ved søknad om tiltak skal situasjonsplan mellom anna vise plassering av bygningar, kotehøgde på terreng og bygningar, tilkomst, parkering, renovasjonsløyising, og evt. murar.
- c. Maksimal utnyttingsgrad er 50 %-BYA, jf. rettleiar H2300 «Grad av utnytting. Beregnings- og måleregler» (2014).
- d. Maksimal høgde for bygningar er 9 meter målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.
- e. Bygningar må ha avdempa fargar som ikkje bryt med kringliggande områder og det skal ikkje nyttast reflekterande material.
- f. Plan for overvatn, vatn og avlaup for bygningar innanfor området skal ta spesielt omsyn til handsaming av forureining frå aktivitetar knytt til brannstasjonen.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Køyreveg, o_SKV1

- a. Tilkomst frå Fv517 må utførast i samsvar med handbok N100 «Veg- og gateutforming». Før byggetiltak på avkjøring til Fv517 kan utførast må det ligga føre teknisk plan med naudsynt teknisk grunnlag godkjent av Statens vegvesen, samt gjennomføringsavtale med Statens vegvesen.

3.2.2 Gang-/sykkelveg , o_SGS_1-o_SGS_2

- a. Områda omfattar eksisterande gang-/sykkelveg.

3.2.3 Anna veggrunn – grøntareal

- a. Områda skal vere areal til grøn buffer. Områda skal også tene naudsynte dreneringsfunksjonar, snøopplag mm.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikringssoner (§ 11-8 a) (sone H140_1 - H140_2)

- a. Innanfor området skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over plan for tilstøytane vegar.
- b. Einskilde trær, stolpar, skilt og liknande som ikkje tek vesentleg sikt kan stå i sona.

4.2 Faresoner (§ 11-8 a) (sone H370)

- a. Innanfor områda skal det ikkje først opp bygningar til fast opphald eller arbeid så lenge høgspintlina ikkje er flytta.

5. Rekkjefølgjeføresegner

5.1 Før rammeløyve

- a. Ved søknad om rammeløyve skal teknisk plan for avkøyrsla til Fv517 vere godkjent av Statens vegvesen og det må ligge føre gjennomføringsavtale.

5.2 Før bygningar vert teken i bruk

- a. Avkjørsel mot Fv517 må vere opparbeidd i samsvar med godkjenning frå Statens vegvesen før nye bygningar kan takast i bruk.